



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Innovasjon Noreg, hovudkontoret

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

17/51-1

13.01.2017

Statsbudsjettet 2017 – oppdragsbrev til Innovasjon Noreg

1 Økonomisk ramme stilt til disposisjon for 2017

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev i dette oppdragsbrevet rammene til Innovasjon Noreg over kap. 550, post 70, og 553, postane 65 og 74, og midlane som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for fylkeskommunale oppdrag på kap. 550, post 62. Departementet delegerer samtidig forvaltninga av denne ramma til Innovasjon Noreg.

KMD viser til Prop. 1 S (2016–2017) for departementet og Innst. 16 S (2016–2017). Det er laga egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2017

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
550	62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	56 000
550	70	Bedriftsretta program i distrikta	24 500
553	65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	15 000
553	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø	107 800

Den økonomiske ramma til Innovasjon Noreg er i 2017 på 132,3 mill. kroner over kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta og kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø. Løyvingane skal også brukast til å dekkje dei administrasjons- og gjennomføringskostnadene som er knytte til ordningane. 51 mill. kroner skal dekkje

administrasjons- og gjennomføringskostnadene for fylkeskommunale oppdrag over kap. 550, post 62 i 2017. I tillegg er det sett av 5 mill. kroner på posten til å dekkje omstillings- og nedbemanningskostnader i Innovasjon Noreg. Vidare har departementet sett av 15 mill. kroner over kap. 553, post 65, for at Innovasjon Noreg framleis skal vere nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla.

2 Mål for Innovasjon Noreg og andre fellesføringar

Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF* slo fast målstrukturen for Innovasjon Noreg. KMD viser til oppdragsbrevet for 2017 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar.

3 Føringar i oppdraget frå KMD

3.1 Mål for 2017

Dei overordna måla for regional- og distriktpolitikken er å føre vidare hovudtrekka i busetjingsmønsteret, å ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for at vi skal ha ei størst mogleg nasjonal verdiskaping, og å sikre likeverdige levekår.

Den regional- og distriktpolitiske innsatsen over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk skal målrettast for å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og for å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

Den nye målstrukturen gjer målet for innsats i distrikta (hovudmål 1) og innsats i alle regionar (hovudmål 2) tydelegare. Den distriktsretta innsatsen skal gje eit omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i område som er særleg prega av store avstandar og spreidd busetjing. Den regionale innsatsen skal byggje evne til omstilling og vekst på regionalt nivå over heile landet. Budsjettkapitla og postane er organiserte etter desse måla.

Midlane skal vere utløysande for prosjekta som får tilsegn.

I dei regionale partnerskapa skal IN og fylkeskommunane samarbeide om å setje mål og leggje strategiar for utviklinga av næringslivet i fylket. På bakgrunn av vedtekne fylkeskommunale planar og strategiar gjev fylkeskommunane oppdrag til IN om å forvalte ordningane som ein del av arbeidet med gjennomføringa.

Tabell 2. Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar. 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar.
2 Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse. 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene. 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.

Dei nasjonale verkemiddelaktørane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

Midlane skal vidare prioriterast innanfor rammene av retningslinjer for bruk av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74, og bli forvalta på ein effektiv måte.

3.2 Føringer i oppdraget frå KMD

Tabell 3. Fordelinga av ramma til Innovasjon Noreg (i mill. kroner)

Delmål KMD	Post	Nemning	Budsjett 2017
1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar	550.70	Bedriftsretta program i distrikta	24,5
2.1 Vel fungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse	553.74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø	107,8
2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga	553.65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	15,0
SUM			147,3

Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta

Kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta

Departementet set av 24,5 mill. kroner til Mentortenesta for gründerar og Bioraffineringsprogrammet. Ordningane skal berre nyttast i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

Målet for ordningane er å bidra til delmål 1.1 om eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar. Mentortenesta for gründerar skal gje auka kunnskap til gründerar om å drive eiga verksemd, forretningsutvikling og vurdering av marknadsmoglegheiter. Målet med Bioraffineringsprogrammet er å bidra til å byggje opp ei ny vekstnæring som kan utvikle fleire kompetansearbeidsplassar i distrikts-Noreg og auke verdiskapinga i viktige distriktsnæringar.

Kriterium for måloppnåing

Departementet har fastsett nye mål for programkategori 13.50 og kriterium for resultatvurdering av dei ordningane som får finansiering frå postar under programkategorien.

Dei viktigaste kriteria departementet vil nytte i vurdering av resultat frå Mentortenesta, er a) verdiskaping, b) sysselsetjing og c) nyskaping.

Dei viktigaste kriteria departementet vil nytte i vurderinga av resultat frå Bioraffineringsprogrammet er a) innovasjonshøgde, b) mobilisering og nye produksjonsprosessar med utgangspunkt i fornybare bioråvarer, c) verdiskaping og d) sysselsetjing.

Innovasjon Noreg skal rapportere om dette med data frå eige mål- og resultatstyringssystem eller andre støttande analysar og evalueringar. Departementet ønskjer dialog om kva for kriterium det skal rapporterast om årleg, og kva for nokre det skal rapporterast om periodisk.

Løyvinga skal òg dekkje kostnader i samband med evaluering og analysar av ordningane.

Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar

Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø

Det er sett av 107,8 mill. kroner til ordningane *Norwegian Innovation Clusters* og *Bedriftsnettverk*. Midlane kan nyttast i heile landet. Målet med ordningane er å bidra til omstillingsdyktige regionar gjennom å leggje til rette for vel fungerande næringsmiljø og tilgang på relevant kompetanse (delmål 2.1).

Innovasjon Noreg fordeler midlane mellom dei to ordningane. Bruken av midlane skal følgje avtalte programplanar. Forslag om endringar i bruk som kan avvike, skal avklarast med departementet i styringsdialogen.

Departementet viser til at programmet *Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø* ikkje får nasjonal finansiering i 2017. Departementet er oppteke av at kompetanse og metodikk som er

utvikla i programmet, kan ha verdi for anna relevant innsats på posten – til dømes innsatsområdet *kunnskapskoplingar* i det nasjonale klyngjeprogrammet.

Kriterium for måloppnåing

Departementet vidareutviklar mål- og resultatstyringssystemet i tråd med endringane i mål- og budsjettstrukturen. Dei viktigaste kriteria for måloppnåing i Norwegian Innovation Clusters og Bedriftsnettverk er verdiskaping i deltakarbedriftene. I tillegg skal begge programma måle innovasjonsevne, utvikling i samarbeid og regionale ringverknader.

Innovasjon Noreg skal rapportere om måloppnåinga med data frå mål- og resultatstyringssystemet eller andre støttande analysar. Departementet ønskjer dialog om kva for kriterium det skal rapporterast om årleg, og kva for nokre det skal rapporterast om periodisk.

Løyvinga på posten skal òg dekkje kostnader i samband med evaluering og analysar.

Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden

Departementet fører vidare Innovasjon Noreg som nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid og har sett av 15 mill. kroner til dette i 2017.

Målet med posten er å styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga (delmål 2.3).

Innovasjon Noreg skal rapportere om talet på nye arbeidsplassar som er etablerte som følgje av omstillingsarbeidet. Eit anna kriterium er i kva grad omstillingsarbeidet har bidrege til å styrkje næringsgrunnlaget, slik at kommunen/regionen blir meir robust og har ein meir variert næringsstruktur. Eit tredje kriterium er om løyvinga har bidrege til å styrkje utviklingsevna i området i løpet av omstillingsperioden.

Løyvinga på posten skal òg dekkje kostnader i samband med evaluering og analysar.

Andre løyvingar under programkategori 13.50 som Innovasjon Noreg forvaltar

Under hovudmål 1 har departementet sett av 519,2 mill. kroner til fylkeskommunane, over kap. 550, post. 62, Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta. Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar, og distriktsretta tilskot til etablerarar. Fylkeskommunane har høve til å omdisponere mellom kap. 550, post 62 og post 64. 5 mill. kroner av løyvinga går til å dekkje omstillings- og nedbemanningkostnader i Innovasjon Noreg som følgje av reduksjonen under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

Bruk av midlar frå kap. 552, post 72

Midlar som etter 2016 står att på kap. 552, post 72, skal/kan nyttast i høve til dei måla og vilkåra som blei stilte då midlane blei løyvde. Departementet ber Innovasjon Noreg dekkje resterande omstillings- og nedbemanningkostnader som følgjer av reduksjonen i oppdraget for 2017 frå kap. 552, post 72. I samsvar med basiskostnadsmodellen skal oppdragsgjevaren i

opptil seks månader dekkje lønn og sosiale kostnader for dei tilsette som er knytte til dei ordningane som blir avvikla.

4 Administrative føringar

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet til Innovasjon Noreg frå Nærings- og fiskeridepartementet for 2017. Felles rapporteringskalender for 2017 følgjer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

5 Departementsspesifikke administrative føringar frå KMD

Departementet legg vekt på at prosjekta skal vurderast etter kvalitet. Innanfor dette er målet at 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner. Departementet ber Innovasjon Noreg halde fram med å prioritere kvinner og bidra til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiing og styre.

Innovasjon Noreg skal varsle departementet om større avvik frå oppdragsbrevet straks selskapet får kjennskap til det.

Frå og med 2017 har Nærings- og fiskeridepartementet ansvaret for å finansiere næringsutvikling på Svalbard. Innovasjon Noreg kan ikkje nytte bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma i kap. 550, post 70, eller kap. 553, post 74.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane og kommunane

Departementet ber Innovasjon Noreg om å føre vidare samarbeidet mellom Innovasjon Noreg, Siva og Forskningsrådet, mellom anna om felles programsatsingar.

Innovasjon Noreg skal samarbeide med fylkeskommunane, kommunane og andre aktørar for å bidra til ei god regional utvikling. Eit konstruktivt samarbeid vil bidra til at ein på ein betre måte kan nå dei regional- og distriktpolitiske måla.

Kommunikasjon og informasjon

Innovasjon Noreg skal aktivt vise fram resultat selskapet har oppnådd innanfor politikkområdet, både overfor departementet og eksterne målgrupper.

Kommunikasjonsarbeidet i Innovasjon Noreg skal vere basert på statleg kommunikasjonspolitikk og det regelverket som gjeld. Departementet ventar at Innovasjon Noreg tek kontakt med departementet om saker som den politiske leiinga kan vere med på å vise fram.

Innovasjon Noreg skal orientere departementet i god tid før offentleggjeringa av relevante utgreiingar eller rapportar som Innovasjon Noreg har utført eller bestilt. Dei etablerte varslingsrutinane mellom Innovasjon Noreg og departementet skal følgjast.

Rapportering

Målstrukturen til KMD er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet (vedlegg 3). Departementet ber Innovasjon Noreg om å bruke mål- og resultatstyringssystemet som grunnlag for rapporteringa i årsrapporten, og om at relevante støttande analysar også blir rapporterte i årsrapporten. Departementet ber dessutan om at

Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten.

Overføring av midlar

Departementet overfører midlane i tre delar: i februar, juni og oktober 2017. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2016.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Helene Edwardsen
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Vedlegg

Vedlegg 1 Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemiddel for kap. 550, post 70 og 73, og kap. 553, post 74 og 76

Vedlegg 2 Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Vedlegg 3 Krav og veileder til statistikkrapportering for kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74

Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Fylkeskommunane og Oslo kommune

Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2017 (i 1 000 kr)

Kap	Post	Betegnelse	KMD	Fylkes- kommunane	Innovasjon Noreg	Siva	Forskings- rådet	Distrikts- senteret	Totalt
550		Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta							1 032 500
	62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta		519 200					519 200
	64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn		373 000					373 000
	66	Forenkling av utmarksforvaltninga - forsøksordning	8 000						8 000
	70	Bedriftsretta program i distrikta			24 500	70 500			95 000
	73	Merkur-programmet	37 300						37 300
553		Omstillingsdyktige regionar							610 000
	60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse		133 000					133 000
	63	Grenseregionale Interreg-program		50 000					50 000
	65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden		115 000	15 000				130 000
	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø			107 800	55 200	80 000		243 000
	76	Utviklingsprogram for byregionar og internasjonalt samarbeid	54 000						54 000
551		Regional utvikling og nyskaping							50 000
	61	Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift		50 000					50 000
554		Kompetansesenter for distriktsutvikling							27 649
	1	Driftsutgifter						27 649	27 649
		Sum programkategori 13.50							1 720 149

Vedlegg 3: Krav og veileder til statistikkrapportering for kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74

(Sist revidert januar 2017)

Dokumentet inneholder krav og veileder til rapportering av gitte tilsagn over kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74 (statistikkdelen). Det vises til målene for bevilgningen slik de fremkommer i oppdragsbrevet. Det er en forutsetning at støtten tildeles i samsvar med reglene for offentlig støtte og andre relevante retningslinjer og forskrifter. Eventuelle feil i rapporteringen skal rettes opp så snart som mulig.

1. Krav til hvem som skal rapportere

1.1 Krav til innhold i statistikkrapporteringen

- Prosjektnavn og navn på kunde
- Type midler: Her registreres det om det er et program eller andre typer prosjekter, tiltak eller tjenester (eks. analyser, utredninger mv.)
- Kategorier: Prosjektene kategoriseres etter hovedmål og kategorier (se veileder)
- Geografi: Tiltaket skal registreres i den eller de kommunene hvor tiltaket får størst effekt. Jo mer stedbundet prosjektet er, dess færre kommuner skal registreres.
- Målgrupper: Kvinneandeler rapporteres etter Innovasjon Norges egne indikatorer og redigjøres for i årsrapporten. I denne rapporteringen skal det rapporteres på om prosjektet er kvinnerettet:

Nærmere definisjon av kvinnerettet tiltak:

For flerbedrifts-, nettverks- og klyngeprosjekter skal dette defineres som kvinnerettet dersom prosjektet bidrar til å fremme kvinners deltakelse i næringslivet. 0 = nei, 1 = ja. Ellers vises det til Innovasjon Norges egne indikatorer for å måle kjønnsbalanse.

2. Veileder til rapporteringskategoriene

1110 – Direkte støtte til etablerte bedrifter (bedrifter eldre enn 5 år)

Kategorien omfatter direkte støtte til etablerte bedrifter som bedriftsutviklingstilskudd, investeringstilskudd og distriktsrettede risikolån.

Kategorien skal ikke benyttes ved kjøp av tjenester, som for eksempel kjøp av utredninger (se 1260) eller ved kompetansehevingstiltak (se 2100–2120).

1240 – Klyngeaktiviteter

Aktiviteter for å utløse og forsterke samarbeidsbaserte utviklingsaktiviteter i klynger, med sikte på å øke klyngenes dynamikk og attraktivitet og den enkelte bedrifts innovasjonsevne og konkurransekraft.

Norwegian Innovation Clusters er Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådets helhetlige støttetilbud til organiserte klynger. Det består av:

- *Arena* omfatter klynger med nyetablerte og/eller umodne samarbeidsinitiativ.
- *Norwegian Centres of Expertise (NCE)* omfatter klynger med en etablert organisasjon med velutviklede tjenester, partnere og oppnådde resultater fra samarbeidsprosjekter.

- *Global Centres of Expertise (GCE)* skal bidra til økt verdiskaping og forsterket attraktivitet og posisjon innenfor globale verdikjeder gjennom strategiske samarbeidsprosjekter.

1260 – Mobilisering til og etablering av bedriftsnettverk

Kategorien omfatter tiltak som mobiliserer bransjer/bedrifter/bedriftsmiljø til å etablere samarbeid og nettverk, inkludert innhenting av kunnskap, felles forskningsprosjekter og søknader.

1270 – Profilering og internasjonalisering av bedrifts-/næringsmiljøer

Kategorien omfatter tiltak for profilering og internasjonalisering av bedrifts-/næringsmiljøer, og som gagnar et større miljø enn en enkeltstående bedrift. Kategorien skal ikke benyttes for tilskudd til nasjonale program for næringsutvikling (kategoriene 1210-1240), eller til kompetansehevingstiltak rettet mot enkeltindivider (2110 og 2120).

1280 – Regional omstilling

Kategorien omfatter tiltak og arbeidsinnsats for regional omstilling

1310 – Direkte støtte til bedrifter yngre enn 5 år

Kategorien omfatter etablerertilskudd og annen direkte støtte til bedrifter yngre enn 5 år, som bedriftsutviklingstilskudd, investeringstilskudd og distriktsrettet risikolån.

Kategorien skal ikke benyttes ved kjøp av tjenester, som for eksempel kjøp av utredninger (1260), eller ved kompetansehevingstiltak (2100 - 2120).

1360 – Andre tiltak for entreprenørskap (ikke bedriftsrettede)

Kategorien omfatter satsinger som er rettet inn for KMDs målgrupper, arrangementer og kurs.

1370 – Andre verdiskapingstiltak

Kategorien brukes unntaksvis dersom ingen andre kategorier er dekkende. Det skal gis en kort forklaring på hva slags type prosjekt det er, og en begrunnelse for å støtte prosjektet.

2.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

0800 – Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Kategorien omfatter forvalterens *egne* administrasjons- og gjennomføringskostnader, jf, retningslinjene punkt 2.1. Kategorien skal *ikke* benyttes når det er prosjektrelaterte kostnader, som regnes som driftskostnader i prosjekt. Kostnadene skal ikke overskride 5 pst. av midlene fylkeskommunen selv forvalter det enkelte budsjettår. Andre aktører enn de nasjonale virkemiddelaktørene kan også bruke inntil 5 pst. av midlene de forvalter til å dekke gjennomføringskostnader. For virkemiddelaktørene (Innovasjon Norge, SIVA, Forskningsrådet og Interreg V-A-programmene) gjelder egne regler. Kostnadene skal registreres på hele fylket.

Sammenstilling av rapporteringskategorier

Rapporteringskategorier
0800 Adm.- og gjennomføringskostnader
1110 Direkte støtte til etablerte bedrifter >5 år
1240 Klyngeaktiviteter
1260 Mobilisering til og etablering av bedriftsnettverk
1270 Profilering og internasjonalisering av bedrifts-/næringsmiljøer
1310 Direkte støtte til bedrifter <5 år
1360 Andre entreprenørskapstiltak (ikke bedriftsrettede)
1370 Andre verdiskapingstiltak